



Eigedomskonsulent Jarle Fossheim orienterer politikarane. Frå vinstre står Torfinn Myklebust (IP), Knut Prestnes (Sp), Fossheim, Arne Havnerås (H) og Gunnar Våge (Sp). (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Både administrasjon og politikarar var rausa med rosen for ryddinga på Børnes Industriområde då formannskapet kom på synfaring torsdag. Og den aller flinkaste guten i rydde-klassa er Lars L. Øyjord i Kvinnherad Byggutvikling. Han fekk ikkje minst godord for den fine og grøne ramma som bygningane til elektrofirmaet no har fått.**



Lars L. Øyjord fekk fortent ros, mellom andre av ordførar Synnøve Solbakken. (Foto. Ola Matti Mathisen)

Sju av dei ni formannskapsmedlemmene møtte fram saman med rådmannen og eigedomskonsulent Jarle Fossheim. Han har vore ein krumtapp i det positive som dei siste to åra har skjedd på det før så kaotiske området og konkluderte slik:

- Det nyttar ikkje å be nokon om å rydda hvis dei ikkje vil. Her ville dei gjera det.

Fossheim sa at politikarane også skulle ha vore på Børnes for eitt år sidan for samanlikninga si skuld.

Til dømes lova Tore Vevik, som driv transportfirma, å fjerna alt som låg att etter eit dødsbo, og det har han gjort.

Lars L. Øyjord har også gjort ein kjempejobb.





Den stygge sandsiloen skal endeleg bort. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Kommunen har på si side seld unna fleire eigedommar dei siste åra - frå kaia og til og med Eik Røyr. Men oppover mot riksvegen er det ikkje seld tomter og kommunen har i dag ingen interesserte som bankar tydeleg på, opplyste eigedomskonsulenten.

Han kom også inn på planane som Myklebust-brørne har for sandutskiping via Børnes.

- Det prosjektet har stilna litt og kommunen lener seg attende til dei kjem att. Dei har ein veg å gå, sa Fossheim, som ikkje kjende til konsekvensutgreiinga som føreligg. Torfinn Myklebust (Innbyggjarpartiet) gjorde han merksam på den.

Fossheim la til at nabovarsel frå Hjørnevåg heng i lufta på grunn av faren for sandstøv.

Om tilhøva på kaien sa han at det har 'gått litt opp og ned'. Det har no lukkast å få ein i bransjen på Stord til å overta den gamle sandsiloen og den vil bli sendt over med ein sandbåt om stutt tid. Hun-haugen som ligg på kaien skal kommunen ta kontakt med skogeigarlaget om for å bli kvitt.

Bjarne Berge (TS) spurde korleis det ligg an med ein ny adkomstveg og Fossheim svara at det prosjektet må overlatast til ein regulant.

Torfinn Myklebust (IP) runda av synfaringa med å skryta av kommunen med Fossheim i spissen for god jobb. Men hvis dei vil ha det enda litt finare på Børnes må det nok kosta litt, meinte han.

Ordførar Synnøve Solbakken uttala at det har vorte fint på Børnes, men det økonomiske får dei koma attende til seinare.

Av Ola Matti Mathisen